# Foreldrekveld: Hjelp eg har ungdom i hus!

<table>
<tr><th>Det du viser på skjermen:</th><th>Handling</th></tr>
<tr><td>Eventuell eigen PowerPoint for eigen del av møtet</td><td>Ønske velkomen og informere om plan for møtet, inkludert rekkefølge og tidsbruk<br>Eventuelt informasjon eller drøftingssaker som skolen vil inkludere i møtet. Det er lurt å gjere dette først om alle skal vere samla. Alternativet er å ha felles tema-del først, og så gå på ulike avdelingar.</td></tr>
<tr><td>Opne nettsida</td><td>Introduser temaøkt:<br>I denne delen av møtet skal vi bruke eit opplegg som er laga av Livet&Sånn. Møtet kjem utan forelesar, men vi gjer så godt vi kan og brukar dette saman. Vi skal sjå eit par filmar, og snakke litt i grupper. Temaet er jo stort, men i denne gråe boksa her ligg det tips til kvar ein kan finne meir kunnskap om dette etter møtet.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Vis filmen Forvirrande følelsar (Hjertehjulet) - YouTube</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Ein forvirrande følelse, som er ein slags blanding av ulike følelsar er SUR<br>Slik kan hjertehjulet sjå ut for denne følelsen (peik og forklar)<br>Snakk litt saman: Kva er lurt å gjere for å få sjansen til å lytte og vise forståelse når ungdomar virkar sure?<br>Type: gjere noko saman.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Vi skal sjå ein film som viser gode råd frå ungdom til foreldre: Råd til foreldre frå ungdom - YouTube</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Livet&Sånn har laga nokre små verktøy som kan vere nyttige når vi skal trene på å hjelpe ungdomane våre godt. Vis familieferdigheitene frå pdf. eller som du har skrive ut på papir.<br>Bruk gjerne litt tid på å sjå på desse saman, eller på å øve på dei.</td></tr>
<tr><td></td><td>Avslutt med å vise kvar foreldra kan finne dette på sida heime – og sei at du vil sende lenke på e-post. Vis også at heimane kan følgje resten av det trinnet gjer i Livet&Sånn, og at der er eigne sider til heimane for kvart tema.<br>Takk for at de kom og vel heim!</td></tr>
</table>